



Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
26.11.2025 23/49585 Finn Lervik

Saksnr.	Utval	Møtedato
122/25	Fylkesutvalet	09.12.2025
63/25	Fylkestinget	09.12.2025

Sal av Hellesylt ferjekai

Fylkesutvalet 09.12.2025 - sak 122/25

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Innstilling:

1. Fylkestinget vedtek at Hellesylt ferjekai avhendast til Stranda Hamnevesen KF for 4,2 millionar kroner.
2. Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre salet.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget vedtek at Hellesylt ferjekai avhendast til Stranda Hamnevesen KF for 4,2 millionar kroner.
2. Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre salet.

Samandrag

Saka gjeld sal av Hellesylt ferjekai til Stranda Hamnevesen KF. Møre og Romsdal fylkeskommune og Stranda Hamnevesen KF har administrativt forhandla fram ein avtale om avhending av ferjekaia. I samsvar med vedtak i sak T-91/23 blir sak om avhending av Hellesylt ferjekai med dette lagt fram for fylkeetinget.

Bakgrunn

I sak 91/23 Avhending av fylkesvegferjekai på Hellesylt vart det m.a. fatta følgande vedtak:

“1. Fylkeetinget gir fylkeskommunedirektøren fullmakt til å overdra kaianlegget i Hellesylt til Stranda kommune eller Stranda Havnevesen. Dersom ingen av desse ønskjer å overta anlegget, ber fylkeetinget fylkeskommunedirektøren legge ut anlegget for sal.

Fylkeetinget vil sikre at eit kaianlegg i Hellesylt – anten noverande kai eller ei ny kai på eit anna areal - er konkurransenøytralt for aktørar som tilbyr person- eller biltransport i fjorden.

Fylkeetinget ber fylkeskommunedirektøren komme tilbake til fylkeetinget med eit forslag til korleis dette kan løysast, om nødvendig med eit økonomisk tilskott.”

På bakgrunn av dette vedtaket har fylkeskommunedirektøren hatt dialog med Stranda Hamnevesen KF om avhending av ferjekaia i 2024 og 2025.

Denne dialogen har helde fram til 28. november 2025. Avtalen bør gjelde frå 1. januar 2026. Det har difor ikkje vore mogleg å fremje sak for andre folkevalde organ og saka blir lagt fram direkte for fylkesutval og fylkeeting..

Vurdering

I vedtaket frå fylkeetinget i sak T-91/23 skal ferjekaia primært overdragast til Stranda kommune eller Stranda hamnevesen KF. Det er Stranda hamnevesen KF som har vist interesse i å overta ferjeanlegget. Fylkeskommunedirektøren har difor gått vidare med dialog med denne parten.

Ettersom Stranda hamnevesen KF er eit føretak som driv økonomiske aktivitet som kan vere i konkurranse med andre aktørar, er det viktig, av omsyn til statsstøttereglane, at Stranda Hamnevesen KF betaler marknadspris for anlegget.

Møre og Romsdal fylkeskommune henta derfor inn ei verdivurdering den 1. april 2025 frå EiendomsMegler1. Vurderinga byggjer på anerkjende prinsipp for verdsetjing av eigedommar. Verdivurderinga frå EiendomMegler1 har manglar ettersom ho ikkje inneheld

vedlikehalds- og investeringskostnader. Dette er det også opplyst om i rapporten. Årsaka til dette er at det på det tidspunktet ikkje var laga eit overslag som viste slike kostnader.

Verdivurderinga frå EiendomsMegler1, aktive leigeavtalar knytt til ferjekaia og tilstandsrapport frå desember 2023 laga av Møre og Romsdal fylkeskommune vart sendt til Stranda Hamnevesen KF.

Stranda hamnevesen KF har hyra inn Norconsult AS for å kartleggja tilstanden av kaianlegget. Norconsult AS har utarbeid ein rapport datert 19. juni 2025 om tilstanden av anlegget og overslag over vedlikehalds- og investeringskostnader.

Den 21. oktober 2025 sende Møre og Romsdal eit utkast til salsavtale til Stranda hamnevesen KF. Sjå vedlagte dokument

Stranda Hamnevesen KF sendte tilbod om kjøp av Hellesylt ferjekai 19. november 2025. Møre og Romsdal fylkeskommune har henta inn ein uttale frå Norion (tidlegare EiendomsMegler1) for å få ei ekstern vurdering av tilbodet.

Basert på tilbodet frå Stranda Hamnevesen KF og vurderinga frå Norion har partane forhandla seg fram til ein salssum på 4,2 millionar kroner. Dette må reknast som marknadspris på ferjeanlegget. Avhendinga vil då ikkje kome i konflikt med statsstøttereglane.

Avhendinga av Hellesylt ferjekai til Stranda Hamnevesen KF vil sikra at ferjeavviklinga på Geirangerfjorden vil vere konkurransenøytralt for aktørar som tilbyr person- eller biltransport i fjorden. Ei avhending vil og vere i tråd med og følgje opp vedtaket fylkestinget gjorde i sak T-91/23.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Ved avhending av Hellesylt ferjekai vil Møre og Romsdal fylkeskommune få utbetalt ein eingongssum (salsvederlag), som vil bli inntektsført i investeringsrekneskapen. Det var gjort investeringar på kaia i 2018 på om lag 3,7 mill. kroner og salsvederlaget vil bli rekna mot bokført verdi av investeringa på salstidspunktet.

Fylkeskommunen taper årleg leigeinntekt som i dag er på om lag 500 000 kroner, men slepp årlege drifts- og vedlikehaldskostnader av varierende størrelse. I tillegg vil fylkeskommunen sleppe betydelege naudsynte oppgraderingskostnader på kaia.

Konklusjon

På bakgrunn av det ovanståande tilrår fylkeskommunedirektøren at Hellesylt ferjekai blir avhenda til Stranda Hamnevesen KF for 4,2 millionar kroner.

Toril Hovdenak

Vedlegg

Salgsavtale - Hellesylt fergekai (1)

Salgsobjektet

Betraktninger Hellesylt Fergekai SHKF

01_betraktninger Hellesylt Ferjekai - kontantstrøm

02_betraktninger Hellesylt Ferjekai - kontantstrøm